



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Kjell Vabø

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/1917 - 17/15078

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@radoy.kommune.no

Dato:
06.12.2017

Gbnr 130/4 Søre Neset i Austrheim kommune. Fritak frå kravet om gjødselplan.

Det vert synt til mail datert 27.09.17, der det vert søkt om fritak frå kravet om gjødselplan.

Kommunen seier seg lei for at brevet ikkje er svart på før.

Mailen er einaste dokument i saka. Søker skriv: «Søker om fritak frå krav om gjødslingsplan. Har i dag 21 vinterfora villsau som går ute heile året på heile eiendommen ca 145da inn og utmark. Har ingen forproduksjon og kjøper høyr og mjøl som tilleggssfor.»

Forskrift om gjødselplanlegging:

Føremålet med gjødselplan er å sikre rett gjødsling som grunnlag for best mogeleg avling, og dessutan hindre at næringsemner frå gjødsel renner av til vatn og vassdrag eller vert tapt til luft ved fordamping.

For å få fritak frå kravet om gjødselplan må føretaket ikkje disponere meir enn 5 gjødseldyreiningar, og ein må ha nok spreieareal til den gjødsla som bruket disponerer – ikkje berre husdyrgjødsel, men og eventuelt innkjøpt handelsgjødsel.

Uansett om bruket vert frteken for kravet om gjødselplan bør ein koste på seg å ta jordprøver om lag kvar 5.-7. år. Dette er for å sjå at tilstanden i jorda er i samsvar med god hevd.

Føresetnader for vedtak i den konkrete saka:

Sakshandsamar legg til grunn at utsegna «har ingen forproduksjon» tyder at det ikkje vert kjøpt inn fullgjødsel. Sidan dyra går ute heile året vert det ikkje samla opp husdyrgjødsel til spreing på jordbruksareala.

Bruket har i snitt 21 vinterfora sau og dette er lik 3 gjødseldyreiningar (det går 7 vinterfora sau på ei gjødseldyreining)

Godkjent spreieareal er 11da fulldyrka jord og 23da innmarksbeite, men sidan dyra og går i utmark vert den gjødsla som kvart dyr produserer fordelt på 145da.

Kvart dyr produserer om lag 110kg gjødsel/mnd. Total mengde gjødsel spreidd på eigedommen i løpet av eit år vert då 27 tonn eller 190kg/da.

Eitt tonn sauegjødsel innhald om lag 3 kg N, 5kg P og 5 kg K. Konklusjonen er et at mengde spreidd næringsstoff pr.da brukt areal vert så lite at sannsyn for avrenning truleg ikkje er til stades.

Vedtak:

Med heimel i forskrift om gjødselplanlegging §5 gjev Austrheim kommune v/felles landbrukskontor føretak 914066182 Kjell Vabø fritak frå kravet om gjødselplan
Fritaket gjeld for 5 år frå 01.12.2017.

Det vert sett som vilkår at tiltakshavar melder frå til kommunen dersom drift på eigedommen vert endra og føresetnad for fritak ikkje lenger er til stades. Vidare bør tiltakshavar på eige initiativ ta prøver av jorda og sende til analyse, for å forsikre seg om at tilstanden i jorda er i samsvar med god hevd.

Klage:

Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova og partane kan klage over avgjerda innan tre veker etter at ein vart kjend med vedtaket, jf. Forvaltningslova §§28 flg.

Med helsing

Kjartan Nyhammer

Eli Bjørklid
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kjell Vabø